

Varslingsplan ved infeksjonssjukdom – Austevoll kommune

Innholdsoversikt

1 Føremål

2 Varsling etter MSIS-forskrifta

2.1 Varsling av einskildsjukdomar

2.2 Varsling om utbrot av smittsam sjukdom utanfor helseinstitusjon

2.3 Varsling om utbrot i helseinstitusjon av smittsam sjukdom

2.4 Varsling om mogleg smitte frå næringsmiddel eller dyr

2.5 Varsling om mogleg smitte frå blodgivar

2.6 Varsling om smitte frå utstyr mv.

2.7 Varsling om mogleg smitte frå helseinstitusjon

2.8 Varsling om overlagt spreining av smittestoff

3 Varsling etter internasjonalt helsereglement (IHR)

3.1 Helsepersonell si varslingsplikt

3.2 Varslingsplikt for andre

3.3 Oppfølging av varsling etter IHR-forskrifta

4 Varslingspliktige sjukdomar

5 Telefonliste for varsling

1 Føremål

Varslingsplanen skal nyttast av tilsette i helsetenesta i Austevoll kommune. Planen skal sikre korrekt og hurtig varsling av smittsame sjukdomar som kan vere til fare for befolkninga. Målet er å kome tidleg i gong med tiltak for å stanse og avgrensa smitten slik at færrest mogleg vert råka.

Med varsling meinast ein beskjed som er formidla med ein gang på ein slik måte at varslaren kan visse seg om at mottakaren har motteke varselet. Eit varsel gis vanlegvis per telefon. Det er to typar varslinga som kan vere aktuell ved påvising eller mistanke om smittsame sjukdomar eller andre smittevernsituasjonar.

- varsling etter MSIS-forskrifta
- varsling etter internasjonalt helsereglement (IHR-forskrifta)

2 Varsling etter MSIS-forskrifta

Då forskrift om Meldingssystem for smittsame sjukdomar (MSIS-forskrifta) trådde i kraft 1. juli 2003 blei det i tillegg til meldingsplikt innført varslingsplikt for einskildtilfelle av visse sjukdomar og for visse typar smittevernsituasjonar. Helse- og omsorgsdepartementet bestemmer kva for sjukdomar som skal være varslingspliktige. Disse er lista opp i vedlegg til MSIS-forskrifta. Varsling bidrar til at:

- einskildtilfelle eller utbrot raskt kan sjåast i samanheng slik at større utbrot oppdagast tidleg og smitteverntiltak kan setjast i verk
- varslaren får bistand til handtering av situasjonen, om nødvendig på staden
- myndigheiter som har ansvar for handteringa, blir brakt inn i saken
- omfanget av utbrot i landet kartleggast, slik at nasjonale myndigheiter får informasjon som er retningsgivande for prioriteringar innan smittevernet
- utanlandske myndigheiter blir orientert gjennom Norges deltaking i internasjonale varslingsssystem.

De ulike smittevernsituasjonar som omfattast av forskrifta er:

2.1 Varsling av einskildsjukdomar

Ein lege, sjukepleiar, jordmor eller tannlege som mistenker eller påviser et tilfelle av enkelte, utpekte smittsame sjukdomar i gruppe A, skal med ein gang varsle kommuneoverlegen. For kva for sjukdomar som er varslingspliktig sjå:

- Når skal det varslast om smittsame sjukdomar?

Dersom kommuneoverlegen ikkje kan varslast, skal Folkehelseinstituttet varslast med ein gang.

Kommuneoverlegen skal varsle og Folkehelseinstituttet. Folkehelseinstituttet varslast ved å ringe den døgnopne Smittevernvakta, tlf. 21076348. Etter at slik varsling er gjort, skal legen sende MSIS-melding på vanleg måte.

Folkehelseinstituttet skal varsle vidare til Helsedirektoratet. Når helsepersonell gir et varsel som identifiserer en person, skal det gis informasjon til den opplysningane angår, om kven som er mottakar og kva opplysningane skal brukast til.

- Informasjon til pasientar ved varsling om smittsame sjukdomar

2.2 Varsling om utbrot av smittsam sjukdom utanfor helseinstitusjon

Leger som mistenker eller påviser et utbrot utanfor helseinstitusjon av smittsame sjukdomar skal varsle kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen skal varsle Folkehelseinstituttet. I tillegg skal kommuneoverlegen varsle det lokale Mattilsynet ved mistenkt eller påvist smittsam sjukdom overført med næringsmiddel eller som kan skyldast smitte frå dyr.

Mattilsynet skal straks underrette kommunelegen og Folkehelseinstituttet ved mistanke om eller tilfelle av smittsamt dyresjukdom som kan utgjøre ei fare for menneske eller ved mistanke om smittsam sjukdom som formidlast til menneske via næringsmiddel, jamfør smittevernlova § 4-10. Det er følgeleg gjensidig varslingsplikt mellom kommunelegen og Mattilsynet.

For å sikre effektiv varslingsinformasjon og samarbeid mellom Mattilsynets lokale avdeling og kommuneoverlegen har Mattilsynet og Folkehelseinstituttet utarbeidast retningslinjer for samarbeidet. Retningslinjer finnes i den nettbaserte Utbrotsrettileiaren.

- [Utbrotsrettileiaren](#)
- [Slik varslar du om utbrot](#)

2.3 Varsling om utbrot i helseinstitusjon av smittsam sjukdom

Mistenkte eller påviste utbrot av smittsamt sjukdom i sjukehus eller anna institusjon som er omfatta av Lov om spesialisthelseteneste m.m. § 1-2, skal omgåande varslast til kommunelegen og til Folkehelseinstituttet med kopi til det regionale helseføretakets kompetansesenter for smittevern i helsetenesta. Mistenkte eller påviste utbrot av smittsamt sjukdom i kommunal helseinstitusjon skal varslast til kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen skal, dersom mistanken ikkje raskt kan avkreftast, varsle Folkehelseinstituttet.

- [Slik varslar du om utbrot](#)

2.4 Varsling om mogleg smitte frå næringsmiddel eller dyr

Kommunelegar som får opplysningar om mistenkt eller påvist smittsam sjukdom som kan være overført med næringsmidla (mat eller vann) eller frå dyr, skal varsle det lokale mattilsynet.

2.5 Varsling om mogleg smitte frå blodgivar

Laboratoria og leger som i sin yrkespraksis finner at en blodgivar er smitta av en sjukdom som kan overførast med blod eller blodprodukt skal varsle blodbanken den smitta har donert blod ved. Blodbanken skal varsle Statens legemiddelverk, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet.

2.6 Varsling om smitte frå utstyr mv.

Ved mistenkt eller påvist tilfelle som kan være forårsaka av smitte frå medisinsk utstyr, kosmetika, legemidlar, blod, blodprodukt, vev eller organ, skal legen varsle Folkehelseinstituttet. Folkehelseinstituttet skal varsle Statens legemiddelverk og Helsedirektoratet.

2.7 Varsling om mogleg smitte frå helseinstitusjon

Behandlingsansvarleg lege som mistenker eller har påvist smittsam sjukdom hos en pasient som skal innleggas eller overførast til ein annan helseinstitusjon, skal varsle lege ved helseinstitusjonen i forkant dersom det er nødvendig av omsyn til smittevernet.

Behandlingsansvarleg lege som mistenker eller har påvist smittsam sjukdom hos en pasient som er overført frå en helseinstitusjon, skal varsle lege ved den institusjonen, dersom det er nødvendig av omsyn til smittevernet.

2.8 Varsling om overlagt spreieing av smittestoff

Leger som mistenker eller påviser tilfelle av smittsame sjukdomar som kan være forårsaka av overlagt spreieing av smittestoff, skal varsle kommuneoverlegen, Folkehelseinstituttet. Folkehelseinstituttet skal varsle Helsedirektoratet.

På Svalbard og Jan Mayen gjelder varslingsplikta for disse smittevernsituasjonane berre helsepersonell i den offentlege helsetenesta.

3 Varsling etter internasjonalt helsereglement (IHR)

Forskrift om varsling av og tiltak ved alvorlege hendingar av betydning for internasjonal folkehelse (IHR-forskrifta) trådte i kraft i januar 2008. Denne forskrifta har til formål å førebygge og motverke internasjonal spreiding av smittsam sjukdom og sikre ein internasjonalt koordinert oppfølging.

3.1 Helsepersonell si varslingsplikt

Lege, sjukepleier, jordmor eller helsesjukepleiar som mistenker eller påviser et tilfelle av smittsam sjukdom som kan ha betydning for internasjonal folkehelse, og som ikkje allereie er varsla etter varslingsføresegna i MSIS-forskrifta, skal utan hinder av lovbestemt teieplikt med ein gang varsle kommuneoverlegen. Dersom det ikkje er mogleg å få varsle kommuneoverlegen, skal Folkehelse-instituttet varslast direkte. Kommuneoverlegen skal varsle Folkehelseinstituttet. Folkehelseinstituttet varslast ved å ringe den døgnopne Smittevernvakta, tlf. 21 07 63 48. Helsepersonell og kommuneoverlegen skal ikkje sjølv vurdere om den aktuelle hendinga er varslingspliktig til Verdas helseorganisasjon. Det vurderast av Folkehelseinstituttet.

På Svalbard og Jan Mayen har alt helsepersonell og andre myndigheiter plikt til å varsle Sysselemannen etter IHR-forskrifta. Sysselemannen varslar vidare til Folkehelseinstituttet.

3.2 Varslingsplikt for andre

Tilsette ved politiet, tollvesenet og havnevesen, på flyplassar, i Mattilsynet, Forsvaret og Kystvakta, Kystverket, Fiskeridirektoratet og Sjøfartsdirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap skal utan hinder av lovbestemt teieplikt underrette kommunelegen som når de har en sterk mistanke om en allmennfarleg smittsam sjukdom eller oppdagar et tilfelle av en slik sjukdom. Det same gjelder når de blir oppmerksom på forhold som kan medføre en nærliggande fare for overføring av slik sjukdom og det openbart er nødvendig med hjelp eller tiltak frå helse- og omsorgstenesta. Viss kommunelegen ikkje er til stede skal tilsette underrette Folkehelseinstituttet.

Fører av skip eller luftfartøy skal snarast mogleg og seinast ved innkomst til første innkomstpunkt i Norge gje varsel om helsetilstanden om bord, dersom eitt av fylgjande vilkår er oppfylt:

- føraren har grunn til å anta at smittestoff som kan utgjere ein alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse, finnes om bord
- fartøyet kommer frå en hamn eller lufthamn i et område som er erklært rammet av en smittsam sjukdom av betydning for internasjonal folkehelse, og innkomsten skjer i inkubasjonstida
- det finnes en person om bord som har oppheldt seg i et område som er erklært rammet av en smittsam sjukdom av betydning for internasjonal folkehelse på et slikt tidspunkt at inkubasjonstida ikkje er over ved fartøyets innkomst til Norge.

Varselet skal gis til kontrollsentralen eller tollvesenet, som deretter varslar kommunelegen eller Folkehelseinstituttet.

3.3 Oppfølging av varsling etter IHR-forskrifta

Folkehelseinstituttet skal vurdere hendingar som oppstår på norsk territorium innan 48 timer etter at instituttet er blitt kjent med hendinga gjennom mottak av varsel eller på annan måte. Folkehelseinstituttet skal så raskt som mogleg og seinast innan 24 timer etter vurderinga varsle Verdens helseorganisasjon om alle hendingar, samt om eitkvart tiltak som settast i verk som en respons på disse hendelsene. Folkehelseinstituttet skal informere Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet og andre relevante myndigheiter om varslinga.

4 Varslingspliktige sjukdomar

- botulisme
- difteri
- diareassosiert hemolytisk uremisk syndrom
- enterohemoragisk E. coli (EHEC)-infeksjon
- flekktyfus
- hemoragisk feber
- kolera
- kopper
- legionellose
- meningokokksykdom
- meslinger
- miltbrann
- Middle East Respiratory Syndrome – mers
- pest
- poliomyelitt
- rabies
- røde hunder
- sars
- trikinose

5 Telefonliste for varsling

Telefonliste for varsling finnast i Overordna smittevernplan.